


L.nr./ Saksh
003859/03/ TEArkivsaknr.
03/00598Arkivkode
611/U62/Dato
09.05.2003

FORSLAG TIL RETNINGSLINER FOR TILVISING AV Plass FOR BOD OG TORGSAL I SENTRUM.

Bakgrunn:

Der er sporadiske førespurnad om plass til torgsal, eller sal frå bodar i sentrum. Utan permanent handelstorg i Hareid er det naudsynt med nokre "mellombelse retningsliner" eller akseptert praksis for tilvising av plass for bodar og torgsal på kommunal og privat grunn i sentrum. Bod og torgsal kan vere miljøskapande og vitaliserande i sentrumsbilete, men må utøvast med omsyn til anna bruk av dei aktuelle plassane, trafikkale tilhøve og anna etablert handelsnæring i sentrum. Retningsline må botne i desse omsyna og vere mellombelse til ein kan einast om ein meir etablert og permanent torgplass.

Følgjande retningsliner vert foreslått:




- 1. Torget på miljøloket.** Denne plassen er tiltenkt møtetorg for folk og kulturelle arrangement. Denne funksjon bør framleis vere hovudintensjonen. Sal frå bodar kan i seg sjølv vere miljøskapande og fremje samkvem mellom folk og ein kan tillate mindre torgsal og bodar utan køyrety. Det føreset at ulike kulturelle arrangement og miljøskapande tiltak kjem framom torgsal der desse to aktivitetane eventuelt kjem i konflikt.
- 2. Terminalplassen.** Den brosteinslagde plassen bak terminalen er eit ope rom kan nyttast med same retningsliner som for torget på loket, men med moglegheit for sal frå mindre køyrety (pickup, varevogn).
- 3. Tusenårsplassen.** Tusenårsplassen er ikkje ferdig opparbeidd, men kan også nyttast til bodsal utifrå same retningsliner som for torget på miljøloket.

4. **Anna kommunalt areal i sentrum.** Anna kommunalt areal/trafikkareal (parkeringsplass, fortau, rabattar, m.v), som tildømes parkeringsplass og rabatt framom SPAR, kan det gis løyve til enkle bodar om det utifrå ei skjønsmessig vurdering ikkje fører til vesentleg ulempe/sjenanse for almen ferdsel, trafikk, parkeringsareal og tilgrensande butikkar/verksemder.
5. **Anna privat areal/parkeringsareal i sentrum .** Tildømes omkring MEGA, må bod og torgsal innhente løyve frå butikk/grunneigar. Vert det likevel vurdert at plasseringa vert til vesentleg ulempe for almen trafikk/ferdsel eller skapar trafikkfarlege situasjonar kan kommunen bortvise bod og torgsal frå privat grunn.

Praktisering:

- Tilvisinga vert gitt munnleg eller skriftleg av teknisk sjef eller anna tenestemenn ved teknisk etat..
- Tilvisinga gis utifrå det beste skjøn utifrå dei til ein kvar tid rådande forhold.
- Tilvisinga vert gitt med tidsavgrensing og kan stoppast om der viser seg vesentlege ulemper, kjem berettiga klagar eller kolliderer med anna uføresett aktivitet som har prioritet framom torgsal.
- Mindre avgift kan avkrevjast som kompensasjon for arbeid med tilvising, hjelp, tilrettelegging, straumuttak m.v. Straumuttak ordnast på best mogleg praktisk måte.

 KVALITETSSIKRING HAREID KOMMUNE	Kap: 9.1.2
	Side 1 av 3 sider
Kapittel: 9.1.2 FORSKRIFT OM TORGHANDEL I HAREID KOMMUNE.	Siste revisjon: 22.04.97
	Vedtak: KST 93/0023 - K

FORSKRIFT OM TORGHANDEL I HAREID KOMMUNE.

§ 1 Torgplassen er nord for Hareid rådhus. Torgplassane er nummererte og delt inn i 2 kategoriar:

- kategori 1: 5 x 6 meter
- kategori 2: 5 x 3 meter

Torghandel i Hareid skal berre gå føre seg innanfor dei oppmerka plassane.

Inntil 2 plassar kan utleigast på årsbasis.

I perioden 1. - 24. desember kan rådmannen eller den han delegerer til stille meir areal til disposisjon.

§ 2 Torghandlarar får tilvist plass av rådmannen eller den han delegerer til ved førehandsbetaling av torgavgifta.

Ingen må drive handel på torget uten å ha betalt torgavgifta. Kvittering på betalt torgavgift skal på oppfordring framvisast til kommunens representant eller lensmannen.

Tilviste plassar kan ikkje framleigast til andre. Kvar torghandlar kan leige kun ein plass i kategori 1, eller to plassar i kategori 2 dersom der ikkje er ledig kategori 1-plassar.

Den som får leige plass, forpliktar seg til å drive aktiv handel på torget.

§ 3 Ingen må legge hindringar i vegen for fri tilgang til utsalsplassane eller på andre måtar uroe for torghandelen.

§ 4 Med torghandel meiner ein omsetning av varer som, t.d. husflid, hage- og jordbruksprodukt i naturleg tilstand, egg, bær, blomar, julenek og ved. Like eins fisk og skalldyr.

Rådmannen eller den han delegerer til kan gi løyve også til omsetjing av andre varer.

All omsetning av næringsmiddel etter desse føresegnene skal skje etter dei reglar som til kvar tid gjeld om kvalitet, hygiene og reinsemd, eller pålegg frå næringsmiddeltilsynet om dette.

Levande dyr kan ikkje omsetjast på torget.



§ 5 Ingen torghandlar må ta opphald på torget tidlegare enn 1 time før fastsett opningstid. Innan 30 minutt etter stengetid må alle varer, vogner, bord m.v. som er brukt ved handelen vere fjerna frå torget. Salsvogner kan likevel bli ståande der dersom det er leigd torgplass for fleire påfølgjande dagar.

§ 6 På torgplassen skal det haldast god orden. Kvar torghandlar må halde seg innanfor den nummererte plassen som er tildelt. Det må haldast god orden slik at papir, rusk m.v. ikkje forsøplar omgivnadane.

Etter at torghandelen er avslutta og varer/utstyr er vekkrydda, skal plassen kostast og om nødvendig spylast for å vere ryddig og rein.

§ 7 Den som ikkje rettar seg etter føresegnene kan etter å ha fått ein advarsel frå kommunens representant, lensmannen eller næringsmiddeltilsynet, visast bort frå torgplassen.

Ved gjentekne brot på føresegnene kan torghandlarar nektast tilgang til torget. Rådmannen eller den han delegerer til gjer vedtak om kor lang periode nekting av tilgang skal gjelde for.

§ 8 Torgplassen er open for handel alle kvardagar frå kl. 0830 til kl. 1800. Torsdagar og alle kvardagar i perioden 1. - 23. desember er opningstida frå kl. 0830 til kl. 2000.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan er opningstida frå kl. 0830 til kl. 1500.

På søndagar, helgedagar og offentlege høgtidsdagar er torget stengt.

Formannskapet kan gi dispensasjon for andre opningstider.

§ 9 Torgavgiftene i Hareid vert fastsett til:

Torgplass kategori 1 (5 x 6 m):

Heilårsplass (1 dag pr veke):


kr. 2.000,-

Gjeld leige 2 eller fleire dagar pr. veke skal betalast tillegg på

kr. 150,- pr. dag.

Dagplassar:

kr. 200,- pr. dag.

 KVALITETSSIKRING HAREID KOMMUNE	Kap: 9.1.2
	Side 3 av 3 sider
Kapittel: 9.1.2 FORSKRIFT OM TORGHANDEL I HAREID KOMMUNE.	Siste revisjon: 22.04.97
	Vedtak: KST 93/0023 - K

Torgplass kategori 2 (5 x 3m):

Heilårsplass (1 dag pr. veke):

kr. 1.500,-.

Gjeld leiga 2 eller fleire dagar pr veke skal betalast tillegg på

kr. 100,- pr. dag.

Dagplassar:

kr. 150,- pr. dag.

Ved leige av 2 plassar i kategori 2 skal betalast leige som for 1 plass i kategori 1.

Ved avtale om heilårsplass inngått etter utløpet av januar skal leiga avkortast slik:

Årsavgift : 52 x talet på veker til utløpet av kalenderåret.

§ 10 Endring av føresegnene kan skje etter vedtak i kommunestyret.

§ 11 Føresegnene skal gjelde frå det tidspunkt torgplassen er oppmerka og skilta.

§ 12 Forskrift om torghandel i Hareid kommune er vedtekne, med heimel i § 3-2 i Handelslova av 6. juni 1980, av Hareid kommunestyre i møte 26. mai 1993.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ved brev dagsett 09.11.1993 stadfest vedtaket og fastsett at forskrifta skal gjelde straks.

Rådmannen har ved administrativt vedtak delegert tildeling av torgplassar til Økonomisjefen og delegert tilsynsmynde til Teknisk sjef.



HAREID KOMMUNE

FORSKRIFT OM TORGHANDEL I HAREID:

§ 1. Torgplassen er nord for Hareid rådhus. Torgplassen er nummerert og delt inn i 2 kategoriar:

- kategori 1: 5 x 6 meter
- kategori 2: 5 x 3 meter

Torghandel i Hareid skal berre gå føre seg innanfor dei oppmerka plassane.

Inntil 2 torgplassar kan utleigast på årsbasis.

I perioden 1. - 24. desember kan rådmannen eller den han delegerer til stille meir areal til disposisjon.

§ 2. Torghandlarar får tilvist plass av rådmannen eller den han delegerer til ved førehandsbetaling av torgavgifta.

Ingen må drive handel på torget uten å ha betalt torgavgifta. Kvittering på betalt torgavgift skal på oppfordring framvisast til kommunens representant eller lensmannen.

Tilviste plassar kan ikkje framleigast til andre. Kvar torghandlar kan leige kun ein plass i kategori 1, eller to plassar i kategori 2 dersom der ikkje er ledig kategori A-plassar.

Den som får leige plass, forpliktar seg til å drive aktiv handel på torget.

§ 3. Ingen må legge hindringar i vegen for fri tilgang til utsalsplassane eller på andre måtar uroe for torghandelen.

§ 4. Med torghandel meiner ein omsetning av varer som, t.d. husflid, hage- og jordbruksprodukt i naturleg tilstand, egg, bær, blomar, julenek og ved. Like eins fisk og skalldyr.

Rådmannen eller den han delegerer til kan gi løyve også til omsetjing av andre varer.

All omsetjing av næringsmiddel etter desse føresegnene skal skje etter dei reglar som til kvar tid gjeld om kvalitet, hygiene og reinsemd, eller pålegg frå næringsmiddeltilsynet om dette.

Levande dyr kan ikkje omsettast på torget.

Gjeld leiga 2 eller fleire
dager pr. veke skal betalast
tillegg på

kr. 100.- pr. dag.

Dagplassar:

kr. 150.- pr. dag.

Ved leige av 2 plassar i kategori 2 skal betalast leige
som for 1 plass i kategori 1.

Vert avtale om heilårs plass inngått etter utløpet av
januar skal leiga avkortast forholdsvis slik:

Årsavgift : 52 x tal på veker til utløpet av
kalendaråret.

- § 10. Endring av føresegnene kan skje etter vedtak i
kommunestyret.
- § 11. Føresegnene skal gjelde frå det tidspunkt torgplassen er
oppmerka og skilta.
- § 12. Forskrift om torghandel i Hareid kommune er
vedteke, med heimel i § 3-2 i Handelslova av
6. juni 1980, av Hareid kommunestyre i møte
26. mai 1993.